

Cecilie Berger og John Henrik Staveland-Sæter  
Utekontakten i Stord kommune

# FØRE VAR

Rustrendar i Stord kommune · Haust 2013



## Hovudfunn:

- Auke i alkoholsal
- Framleis auke i bruk av dopingmidlar
- Relativt stabil trend for dei fleste rusmiddel og medikament

# Innhald

Kva er Førre Var?	3
Kjelder	4
Behandling av data	5
Funn Førre Var haust 2013	6
Oppsummering	12
Appendiks	15
Takk til.....	20
Litteratur	20

# Kva er Føre Var?

Føre Var er systematisk overvaking av rustrendar i Stord kommune. Systemet er utarbeidd av Stiftelsen Bergensklinikkene (Kompetansesenter rus - region vest Bergen), og er blitt brukt i Stord kommune sidan 2005. Gjennom Føre Var er me i stand til å gje ein rask og påliteleg identifikasjon, overvaking og rapportering av lokale trendar og tendensar når det gjeld rusmiddelbruk. Hovudmålet med denne typen rapportering, er å forkorta tidsspennet frå nye rusmiddelrendar oppstår ute i miljøa, til informasjonen om dette når fagmiljøet i kommunen. På den måten kan ein jobba meir målretta ved å vera betre førebudd i arbeidet med rusrelaterte problem. For å forkorta dette tidsspennet, er det viktig at Føre Var blir gjennomført regelmessig. Utekontakten har sidan 2005/06 utgitt to rapportar i året .

Nokre av rusmidla me rapporterar om blir ikkje eigentleg definert som rusmiddel, men er medisinar som kan misbrukast. Difor er også denne bruken interessant for Føre Var. Funna i denne rapporten er baserte på data frå april til september 2013. Eventuell auke og nedgang reknar me ut frå perioden før, frå oktober 2012 til mars 2013, for å få fram tendensar innan rusmiddelbruken på Stord. Når det gjeld alkohol, har me valt å også samanlikna med sesong, då me veit at årstid spelar inn i bruksmønsteret for alkohol.

## Målsetjing

Målsetjinga for Føre Var i Stord kommune er å innhenta pålitelege og oppdaterte data om rusvanar innan ulike miljø. Det me ynskjer å kartleggja er:

- Bruk av nye rusmiddel
- Endringar i bruk av etablerte rusmiddel
- Endring i tilgang på ulike rusmiddel

## Fordelar med Føre Var


Det fins mykje kunnskap om den lokale russytuasjonen blant ulike instansar og personar i kommunen. Mykje av denne kunnskapen er ofte "låst", då det ikkje er noko system for å dela denne informasjonen. Ved å samla og systematisera denne informasjonen, og få den inn i eit heilskapeleg bilete, kan ein betre vera føre var. Når ein får fram relevant informasjon på eit tidleg tidspunkt, kan fagfolk gjera evidensbaserte vedtak, og raskare setja i gong meir effektive tiltak.

## Framgangsmåte

Det er Utekontakten i Stord kommune som har gjennomført undersøkinga og som står bak denne rapporten. Me har samla inn kvalitative og kvantitative data, dvs. data frå salsstatistikkar, beslagsdata og informasjon frå eit handplukka trendpanel. Opplysningane me har fått, er analysert og kvalitetssikra ved metodetriangulering, og ved å gje ulik vektning på ulike kjelder. (sjå Appendiks, s15).

# Kjelder

Fig. 1. Kjeldeoversikt



”Trendpanel” kallar me dei me får informasjon frå innan tre ulike arenaer i Stordsamfunnet; Profesjonelle, Uteliv og Miljø. Med arena miljø meiner me personar i miljø der rus tidleg blir oppdaga og/eller brukt. Uteliv består av personar som jobbar i/driv utestadar, og med god kjennskap til utelivsarenaen. Den profesjonelle arena består av fagfolk som jobbar innan eller i tett kontakt med rusfeltet her på Stord.

Trendpanelet består denne gong av til saman 30 personar. Desse personane har vore plukka ut med tanke på deira ”ekspertkunnskap” frå innsida av rusmiljø i kommunen både når det gjeld brukstrender og tilgang. Informantane som utgjør trendpanelet er anonymiserte i rapporten. Me har nytta både spørreskjema, fokusgrupper og ein-til-ein-intervju i innhentinga av data frå trendpanelet.

Ei anna viktig kjelde i Føre Var er statistiske data. Dette er data som blir innhenta og rapportert regelmessig. For å kunna bruka denne informasjonen, må data vera tilgjengelege, nøyaktige, relevante og kunna rapportera innan vår rapporteringstid. Me har i denne rapporten brukt 15 kjelder for statistiske data:



- Tollvesenet - tal på og storleik på beslag knytt til Stord
- Politiet - drukkenskapsarrestar og promillekøyning
- Stord kommune – tal på skjenkeløyve og utsalsstader
- Tre lokale apotek – salstal utvalde medikament, sprøyter og kanylar
- Vinmonopolet - salstal frå Stord
- Alkoholsal frå to serveringsstadar
- Salstal for alkohol frå tre daglegvarebutikkar
- Oppslag i pressa, frå nettavisene til Bladet Sunnhordland og Haugesunds Avis
- Ungdomsundersøking i Stord og Fitjar 2013

## Behandling av data

Nesten ingen av datakjeldene som blir brukt til rapporten er direkte samanliknbare. Men det er nyttig å plassera dei ved sida av kvarandre for å prøva å sjå mønster, samanhengar og motsetnader. Dei ulike kjeldene er vekta ulikt på bakgrunn av at me meiner nokre kjelder gjev eit meir korrekt totalbilette enn andre. Vinmonopolet og daglegvarebutikkane er til dømes vekta høgt i høve til det å kunna gje indikasjonar på bruksmønster av alkohol (for nærare detaljar sjå Appendix, s15).

Dei statistiske data frå både Politiet, Tollvesenet og apoteka inneheld relativt små tal og må difor tolkast med varsemd. Stord er ein forholdsvis liten stad, og tala vil vera små frå desse kjeldene. Få personar vil kunne ha stor innverknad på statistikkane. Om til dømes eit medikament blir skriva ut i større mengder til eit par personar, vil dette kunna gjera store utslag i apotektala. På same måte kan få personar gå igjen i politiet sine tal. Vidare vil talet på politiet og tollvesenet sine beslag variera i høve til bemanning, aktivitet og satsingsområde.

Funn frå media ser me på som mindre pålitelege i høve bruk og tilgang på ulike stoff, og desse er følgjeleg lågt vekta. Me trur likevel at desse funna kan vera med å gje ein indikasjon på endringar, og har difor valt å teke dei med.

Sjølv om tala me får frå dei ulike kjeldene kan vera både små og til tider sensitive, ser me det som interessant å bruka alle desse data. Samla kan dei vera med på å gje et bilete av korleis situasjonen er.

# Funn Føre Var haust 2013

## Auke i alkoholsal

Alkoholsalet og bruk av alkohol svingar som oftast frå sommar- til vintersesong. Me har gjennom Føre Var- rapporteringa sett ein tendens til at det blir selt og konsumert meir alkohol i sommarhalvåret samanlikna med vinterhalvåret. Derfor ser me det som naturleg å samanlikna sesong mot sesong i tillegg til periode mot periode når det gjeld alkohol.

Alkohol er det rusmiddelet me har flest kjelder for i Føre Var, her inngår både salstal og –løyver, beslag og skildringar. Frå trendpanelet blir det av mange sagt at alkohol er rusmiddelet som blir mest brukt, ofte åleine, men også ofte kombinert med andre rusmiddel. Cannabis, amfetamin og ulike medikament blir nemnt brukt i kombinasjon med alkohol.

Jamt over ser ikkje trendpanelet at det er store endringar i tilgang eller bruk av alkohol. Utelivsarenaen melder likevel om auka totalomsetjing siste periode, noko som blir knytt til både store hendingar som Stordfest og andre konsertarrangement, men også om jamnare besøk av gjester.

Vinmonopolet på Stord har inga store endringar i sine salstal, verken i høve periode eller sesong. Likevel ser me at fem av dei seks salsstadenene for alkohol som me har tal frå, denne gong rapporterer om sterk auke i forhold til periode. Fire av seks melder om sterk auke i forhold til sesong.

Ølsalet på Vinmonopolet visar ei auke når me samanliknar med sesongen før. For dei andre alkoholtypene visar tala derifrå inga endring. Alle kjeldene som rapporterer om alkoholfrie produkt og lettvin, melder om auke i sal av desse. Serveringsstadene og matbutikkane i og nær sentrum har auke i sal av både øl og brennevin, medan det ser ut som at salet av rusbrus for det meste går nedover.


Tollvesenet har ei lita auke i mengd beslaglagd alkohol denne perioden samanlikna mot perioden før, men ein nedgang samanlikna med førre sesong.

Mediasøk visar ei auke i oppslag om alkohol siste periode. Døme på overskrifter er «Stord fekk sjenke-smekk» (Sunnhordland, 22.04.13), og «Skulda på øl-shampo» (Haugesunds avis, 28.05.13)

Frå ungdomsundersøkinga, der 1360 elevar i ungdoms- og vidaregåande skular på øya har svart på eit omfattande spørjeskjema, svarar 4,6 % at dei har drukke alkohol slik at dei kjenner seg rusa meir enn 5 gonger i løpet av dei siste tre månadane.

Talet på serverings- og salsløyve i kommunen held seg stabilt. I følgje politiet sine tal, er antal promillesaker likt no som sist periode. Dette er ein nedgang i forhold til sommaren før. Tal på drukkenskapsarrestar har gått litt ned.

Helsemessige og sosiale konsekvensar trendpanelet nemner i samband med stor alkoholbruk er fysiske indre skader som mage/tarm- og leverskader og alkoholdemens. Psykiske og sosiale problem som angst, depresjon, isolasjon, vald og brudd i familierelasjonar blir også nemnte som konsekvensar av omfattande alkoholbruk.



## Framleis auke i bruk av dopingmidlar

Auken me tidlegare har rapportert om når det gjeld bruk av dopingmidlar, held fram også i denne perioden. Me har i fleire år sett ein aukande trend på anabole verkestoff. Anabole verkestoff er eit samleomgrep på syntetiske stoff som har muskeloppbyggande effekt og som blir brukt som prestasjonsfremjande middel. Sidan våren 2013 har me spurt om og kartlagt bruk av og tilgang på dopingmidlar generelt. I juni vart lovverket endra, og også bruk, besittelse og kjøp at dopingmidlar blei ulovleg. Tidlegare gjaldt dette berre sal og innførsel.


I fylgje tal frå Tollvesenet, har det vore auke i mengde beslaglagde dopingmidlar i denne perioden samanlikna med førre periode. Det har også vore auke i talet på beslag av dopingmidlar, sjølv om tala her er små.

Trendpanelet rapporterer samla sett om auke i bruk av dopingmidlar i denne perioden samanlikna med førre periode. Når det gjeld tilgang på dopingmidlar, ser me i denne perioden lita eller inga endring samanlikna med førre periode. Tendensen med auka tilgang på dopingmidlar, som trendpanelet vårt påpeika i førre rapport, ser ikkje ut til å halde fram i denne perioden. Det blir sagt av ein av dei profesjonelle kjeldene våre at «eg ser det meir no, men det kan gjerne også ha med auka fokus å gjera. Eg har blitt flinkare til å spør etter dopingmidlar no etter at eg har fått meir opplæring om det, og doping generelt har fått meir oppmerksomhet».

Det har vore få oppslag om dopingmidlar i nettutgåvene til Sunnhordland og Haugesunds avis. Men samanlikna med førre periode har det vore auke i talet på oppslag.

Kallenamn som har blitt brukt på dopingmidlar i denne perioden er som tidlegare: bol og bola(r).

Depresjon, aggresjon, auka muskelmasse og kviser blir rapportert som helsemessige- og sosiale konsekvensar av bruk av dopingmidlar.



### Relativt stabil trend for dei fleste rusmiddel og medikament

Det har i perioden frå april til september 2013 vore berre små endringar når det gjeld bruk av og tilgang på dei fleste rusmidla og medikamenta som me rapporterer om. Me vil likevel nemne nokre av rusmidla og medikamenta som me tidlegare har hatt som hovudfunn, eller ser endringar på.

### Gradvis aukande amfetaminbruk

Amfetamin og metamfetamin er sentralstimulerande stoff, noko som inneber undertrykt søvnbehov og stimulering av hjarte- og karsystemet ([www.fhi.no](http://www.fhi.no)). Amfetamin har hatt ein aukande brukstrend sidan me starta rapporteringa. Også tilgangen på amfetamin har vore høg og aukande.

I fylgje kjeldene våre har bruken av amfetamin auka gradvis også i perioden frå april til september 2013 samanlikna med førre periode. I fylgje trendpanelet vårt ser auken likevel no ut til å vere mindre enn me rapporterte om førre periode. Når det gjeld tilgangen på amfetamin og metamfetamin ser me lita eller inga endring.



Tal frå Tollvesenet syner at det samanlikna med førre periode, då det ikkje vart gjort beslag av amfetamin, har vore auke i mengde og tal på beslag.

Kallenamn som har blitt brukt på amfetamin i denne perioden er: pluss, opp, fart, sukker, amf, kaffe, speed, joggesko og guff.

Prisen for ein kvarting amfetamin ligg på 200,- og for eit gram kostar det 500,-

Amfetamin blir kombinert med andre rusmiddel, som alkohol, Subutex, Rivotril og hasj.

Det har vore færre medieoppslag om amfetamin i denne perioden samanlikna med førre periode.

### **Lita auke i bruk av cannabis**

Gjennom Føre Var- rapporteringa har me dei siste åra meldt om ein aukande trend når det gjeld bruk av cannabis på Stord. Cannabis er fellesnamnet på hasj, marihuana og cannabisolje. I denne perioden ser me samla sett ei lita auke i bruk av cannabis. Denne auken ser likevel ut til å vere liten samanlikna med tidlegare rapporteringar. Me har også etterspurt syntetiske cannabinoider denne peioden, etter at det dukka opp i vårt datamateriale for om lag to år sidan. Talmaterialet på syntetiske cannabinoider er lite. Dei som kjenner til det, seier at dette ikkje er særleg mykje brukt, då stoffet er for uføreseieleg og dårleg.

Trendpanelet rapporterer denne perioden om ei gradvis auke i bruken av cannabis, og då fyrst og fremst hasj. Tilgangen på cannabis er i fylgje trendpanelet stabil, og vert framleis rapportert som det illegale rusmidlet som blir mest brukt av flest.

Ungdomsundersøkinga som vart gjort på ungdoms- og vidaregåande skular i kommunen no i november-desember visar at ni prosent nokon gong har fått tilbod om hasj. Når det gjeld bruk, svarar 1.25 % av dei spurde ungdommane at dei har prøvd hasj.

Cannabis, hasj, G, tjall, boblings, pot, marihuana, grønt, brunt, puff, bom er ulike kallenamn. Prisen på hasj ligg på 150,- - 200,- per gram.

### **Gradvis auke Rivotril**

Rivotril er eit legemiddel med verkestoffet klonazepam, som blir brukt til behandling av epilepsi. Rivotril blir brukt illegalt som rusmiddel fordi det mellom anna vil kunne forsterke effekten av opioidar og alkohol.

Sal av Rivotril frå apoteka har vore relativt stabilt. Hos to av apoteka har det vore lita eller inga endring, medan det har vore nedgang i salet frå eit apotek.

Trendpanelet rapporterar om auke i bruken av Rivotril denne perioden. Tilgangen på Rivotril er meir stabil. Stabilt høg i fylgje kjelder i trend

panelet. Kallenamn på Rivotril i denne perioden er: rivara, riv(o), kryssara, hjulkryss, klonia og slit

Prisen for 2 mg Rivotril ligg på mellom 25,- og 50,-

Rivotril blir gjerne kombinert med andre rusmiddel, som alkohol, Subutex, hasj

Det har berre vore eitt medieoppslag som omhandlar Rivotril i avisene sine nettutgåver. Dette samsvarar med perioden før.

### **Nedgang Dolcontin**

Dolcontin er morfintablettar som høyrer til gruppa opioidar. Som legemiddel blir Dolcontin brukt til smertelindring. Opioidar er ei fellesnemning på ulike stoff som kjem frå opiumsvalmuen, eller kunstig framstilte stoff med tilsvarande verknad. Stoffa kan også misbrukast og føre til avhengigheit ([www.fhi.no](http://www.fhi.no)).

Samla sett registrerar me ein nedgang i den illegale bruken av Dolcontin i denne perioden samanlikna med førre periode. Trendpanelet rapporterar likevel om små endringar, både i bruk og tilgang.

Kallenamn som blir brukt på Dolcontin er: dolk, dolkis, minus

Prisen for 100 mg Dolcontin er 250,-

### **Andre medikament**

Valium får me samla sett inga endring på i denne perioden. Det blir likevel nemnt av fleire i trendpanelet som eit rusmiddel som dei ser/høyrer om ganske ofte, særleg «blåvalium» blir nemnt. Det blir gjerne brukt i samband med alkohol, og blir sagt at kostar 20-30 kr per pille, gjerne kalla «blå», «gule» eller «nøtte».

Lyrica blir også nemnt under andre medikament frå fleire i trendpanelet. Dette har me høyrte om også i tidlegare rapportar. Me har ikkje spurt direkte etter Lyrica i spørjeskjema, men det blir likevel nemnt av fleire. Lyrica er eit medikament som blir brukt ved nevropatisk smerte, epilepsi og angst (felleskatalogen). I rusmiljø blir dette brukt fordi det blir sagt at det forsterkar effekten av andre stoff, særleg opiat. Medikamentet er veldig dyrt, og såleis ikkje ofte brukt. Men det er attraktivt.

Sobril er eit anna medikament som blir brukt i høve nevrosar, angst, uro og spenning (felleskatalogen). I vår rapportering ser me totalt inga endring, likevel vil me dra fram at trendpanelet melder at Sobril i aukande grad blir brukt illegalt. Også tollvesesnet sine tal visar ei lita auke, sjølv om det her er snakk om små tal. Gateprisen på Sobril er 10/ 15 / 25 kroner per 10/ 15/ 25 mg. tablett.



# Oppsummering

Dette er den 16. Føre Var- rapporten Utekontakten gjev ut om rustrendar i Stord kommune. Me kan dermed sjå på trendar for bruk og tilgang på ei rekkje rusmiddel over ein periode på åtte år.

Hovudfunna i denne rapporten er auke i alkoholsalet og ei framleis auke i bruken av dopingmidlar. Dessutan rapporterer me i denne perioden om ein relativt stabil trend for dei fleste rusmiddel og medikament.

Salstal frå serveringsstadane og daglegvarebutikkane syner auke i alkoholsalet både når ein samanliknar med førre sesong og førre periode. Me ser at alkoholsalet som oftast er høgare i sommarhalvåret samanlikna med vinterhalvåret. I år melder serveringsstadane om god omsetnad og høgare alkoholsal enn sommarhalvåret i fjor. Trendpanelet seier likevel at det er ingen eller mindre endringar både når det gjeld bruk av og tilgang på alkohol. Det er positivt å registrere at ungdommen i liten grad drikk alkohol. Dette samsvarar også med større nasjonale undersøkingar.

Me har, særleg dei siste to åra, meldt om auke i bruk av dopingmidlar. Denne auken ser ut til å halde fram denne perioden også. Trendpanelet melder samla sett om auka bruk, men liten eller inga endring når det gjeld tilgang. Men enkelte i trendpanelet peika på at det er uvisst om denne auken faktisk skuldast meir omfattande bruk av dopingmidlar, eller om det skuldast auka fokus på doping. Dette kan vere med på å danne eit inntrykk av at dopingmidlar er meir vanleg enn det som er realiteten. Me har likevel grunn til å tru at bruk av doping er eit aukande problem, som det er viktig å ta på alvor. Kjelder i trendpanelet her tidlegare sagt at ein del av omsetjinga av dopingmidlar føregår rundt om på ulike arbeidsplassar.

I perioden frå april til september 2013 har det, i fylgje våre kjelder, vore ein relativt stabil situasjon for dei fleste rusmiddel og medikament, samanlikna med perioden før. Amfetamin har hatt ein aukande brukstrend sidan me starta Føre Var- kartlegginga. Den aukande trenden held fram også i denne perioden, men auken er mindre enn den har vore ved tidlegare rapporteringar. Når det gjeld bruk av cannabis, rapporterer me i denne perioden om ei lita auke. Tilgangen på cannabis ser ut til å vere meir stabil. Men trendpanelet vårt peikar på at både bruken av og tilgangen på cannabis er stabilt høg. Me ser det som positivt at berre rett over ein

prosent av dei spurte i ungdomsundersøkinga har brukt hasj, sjølv om ni prosent har fått tilbod om dette.

Føre Var kartlegg den illegale bruken av ei rekke medikament. Rivotril har me trekt fram som hovudfunn i fleire rapportar. I denne perioden rapporterer trendpanelet vårt samla sett om gradvis aukande bruk av og ein stabil tilgang på Rivotril.

Fleire i trendpanelet peikar på at det er aukande merksemd rundt bruk av roande legemiddel, som Valium og Sobril. Samla sett rapporterer likevel trendpanelet om ein stabil bruk av og tilgang på desse medikamenta. Også Lyrica blir nemnt brukt i aukande grad, men her har me få kjelder. For fleire andre medikament ser me i denne perioden ein stabil situasjon eller liten nedgang i bruk og tilgang.

Me pleier referere til Føre Var- rapportane som kjem ut i Bergen kvart halvår, fordi me meiner at rustrendar og tendensar i Bergen kan vere med på å forklare tilgang på og bruk av ulike rusmiddel på Stord. I rapporten som Kompetansesenter rus – region vest Bergen ved Stiftelsen Bergensklinikkene nyleg har gitt ut, er hovudfunna denne perioden:

- Nedgang i bruk av GHB/GBL.
- Stabil bruk, men auka tilgang på Subutex (buprenorfin).
- Auke i tilgang på og bruk av Lyrica.
- Auke i tilgang på og bruk av LSD.

Me ynskjer å takke alle kjeldene våre som deler av sin kunnskap og kjennskap til rusarenaen. Utan gode støttespearar hadde me ikkje hatt moglegheit til å gje ut Føre Var- rapportane kvart halvår.





# Appendiks

## Skalaforklaring

I tabell 1 har me brukt følgjande skala for å identifisera endringar i løpet av dei siste seks månadane for kvart rusmiddel, og verdien er rutinedata gjeve i tabellane og analysetabellane.

### Skala for beslagsdata, salstal apotek og media

- 1 = sterk auke dvs. frå +75% og oppover
- 2 = gradvis auke dvs. mellom +25% til +74%
- 3 = ingen endring dvs. mellom +24% til -12%
- 4 = gradvis nedgang dvs. mellom -13 til -37%
- 5 = sterk nedgang dvs. frå - 38% og nedover

### Skala for data om alkoholsal

- 1 = sterk auke dvs. frå +11% og oppover
- 2 = gradvis auke dvs. mellom +5% til +10%
- 3 = ingen endring dvs. mellom +4% til - 4%
- 4 = gradvis nedgang dvs. mellom -5% til -10%
- 5 = sterk nedgang dvs. frå -11% og nedover

### Skala for nøkkelinformantar

- 1 = gjennomsnittet ligg frå 2,3 og oppover
- 2 = gjennomsnittet ligg mellom 2,4 og 2,6
- 3 = gjennomsnittet ligg mellom 2,7 og 3,3
- 4 = gjennomsnittet ligg mellom 3,4 og 3,6
- 5 = gjennomsnittet ligg frå 3,7 og nedover

## Skala for talmateriale under 5

Når talet er 5 eller mindre blir dette indikert med teiknet \* bak oppgjeven tendens.

Når talmaterialet er under 5, blir ikkje sterk/svak brukt (1 eller 5), men berre inga endring eller gradvis auke/nedgang (2\*, 3\*, 4\*).

Dersom talmaterialet går frå 0 til 0, blir dette indikert med teiknet '-' og ikkje med 3\*.

Endrast talmaterialet berre med 1, gjev dette inga endring = 3\*.

Endrast talmaterialet med 2, gjer dette anten ei gradvis auke = 2\*, eller ein gradvis nedgang = 4\*.

Talet 1 visar at det er ei sterk auke, medan talet 2 indikerar at det er ei gradvis auke. Der det ikkje føreligg endring visast dette med talet 3. Talet 4 visar at det er ein gradvis nedgang, medan 5 markerar at det er ein sterk nedgang.

Teiknet \* brukar me der det føreligg eit lite tal eller nummer, til dømes dersom det dreiar seg om små beslag.

Ulike skalaer er brukt for å identifisera endringar for kvart enkelt rusmiddel og gje dei ein verdi i løpet av dei siste seks månadane. Me nyttar ein meir sensitiv skala der talmaterialet er lite. Analysetabellen nedanfor er ikkje vekta.

Tabell 1: Samanfating av statistiske data, informasjon frå media og trendpanel i høve rustrendar

Rusmiddel	Leivrik Apotek	Apotek 1 Stord	Apotek 1 Heiane	Toll mengde	Toll beslag	Stilletto/Samson	Osvald	Rema Heiane	Rema Bjelland	Ica	Media	Vinmonopolet	Trendpanel Brukstrend	Trendpanel tilgang
Alkohol				2	3	1	1	1	1	1	1	3	3	3
Cannabis				2*	2*						5		2	3
Syntetisk cannabis				4*	4*								4*	3
Heroin											2*		3	3
Subutex	5	2		2*	3*						3*		3	3
Subuxone	1	1	3										3	3
Metadon	1	3	1										5	3
Dolcontin	5	5	5										3	3
Stesolid	5	3	3										4	3
Vival	5	3	2										3	3
Valium	5	3	4										3	3
Sobril	5	4	3	2*	3*								2	3
Rivotril	5	3	3	2*	3*						3*		1	3
Flunitrazepam (rohypnol, flunipam)		2*									2*		4	3
Xanor	5	4											3	3
Temgesic	5	2*	5										3	3
Amfetamin				2*	2*						4*		2	3
Met.Amfetamin													3	3
Kokain													3	3
Ecstasy													3	2
Dopingmidlar				2	2*						2*		1	3
GHB											3*		3	3
Andre medikament														
Vekting	x2	x2	x2	x2	x2	x2	x2	x3	x3	x3	x1	x4	x4	x4
Sesong						1	1	5	1	1		3		

1 = sterk auke  
2 = gradvis auke

3 = inga endring  
4 = gradvis nedgang

5 = sterk nedgang  
\* = visar at det er snakk om svært små tal

# Vekting av kjeldene

Informasjonskjeldene blir kategorisert og vekta avhengig av kor pålitelege dei er i høve til å indikera rusbruk og tilgang.

Størst vekt (gonger fire) er gjeve alkoholsal frå Vinmonopolet og informasjon frå nøkkelinformantar. Desse data gjev relativt gode indikasjonar på faktisk bruk og tilgang.

Nest størst vekt (gonger tre) er gjeve salsdata frå daglevarebutikkane.

Medium vekt (gonger to) er gjeve Tollvesenet sine beslagsdata, alkoholsal frå utestadene og salstal frå apoteka.

Minst vekt (gonger ein) er gjeve media og låge førekomstar av funn, uavhengig av kjeldeopphav (dette gjeld dei som er markert med stjerne i tabellen).

Endringane me gjengir, er førre periode (oktober 2012 – mars 2013) samanlikna med den siste perioden (april - september 2013).

Analysetablellane inneheld verdiar på ein skala frå 1 til 5, og tala angir ulike tendensar for kvart rusmiddel i løpet av de siste seks månadane.



## Samandrag av trendverdiar - ikkje vekta og vekta for spesifikke rusmiddel

For å identifisera forskjellige mønster blant dei forskjellige rusmiddel, samanfattar tabellen nedanfor verdiane når dei ikkje er vekta og etter at dei er vekta.

Tabell 2: Samandrag av verdiar

Rusmiddel	IKKJE VEKTA					VEKTA					SUM		DIFFERANSE
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	+	-	
Alkohol	6	1	4			14	2	14			30	0	30
Cannabis		3	1		1		6	4		1	6	2	4
Syntetisk cannabis			1	3				4	3		0	3	-3
Heroin		1	2				1	8			1	0	1
Subutex		2	4		1		3	10		2	3	4	-1
Subuxone	2		3			4		10			8	0	8
Metadon	2		2		1	4		5		4	8	8	0
Dolcontin			2		3			8		6	0	12	-12
Stesolid			3	1	1			8	4	2	0	8	-8
Vival		1	3		1		2	10		2	2	4	-2
Valium			3	1	1			10	2	2	0	6	-6
Sobril		2	3	1	1		5	7	2	2	5	6	-1
Rivotril	1	1	5		1	4	1	9		2	9	4	-5
Rohypnol		2	1	1			2	4	4		2	4	-2
Xanor			2	1	1			8	2	2	0	6	-6
Temgesic		1	2		2		1	8		4	1	8	-7
Amfetamin		3	1	1			6	4	1		6	1	5
Met. Amfetamin			3					8			0	0	0
Kokain			3					8			0	0	0
Ecstasy		1	1				4	4			4	0	4
Dopingmidlar	1	3	1			4	4	4			12	0	12
GHB			3					9			0	0	0
Alkohol Sesong	4		1		5	14		3		3	28	6	-22

### Utrekning av differanse

Differansen for kvart rusmiddel baserar me på ei summering av positive og negative verdiar. Me ser altså på 1'arane og 2'arane, som indikerar ei auke (positive verdiar), i høve til 4'arane og 5'arane, som indikerar ein nedgang (negative verdiar).

## Takk til.....

- Alle i trendpanelet
- Bergensklinikkene
- Vitusapotek Leirvik
- Apotek 1 Stord
- Apotek 1 Heiane
- Rema 1000 Heiane
- Rema 1000 Bjelland
- Ica Nær Leirvik
- Vinmonopolet, ved Jens Nordahl
- Politiet på Stord
- Tilsette diverse einingar i Stord kommune og NAV
- Tollvesenet
- Utestadane Stiletto/Samson, Frugård, Osvald
- Vektor Prosjekt AS

## Litteratur

Berger, Staveland-Sæter og Øgård (01/2013): Føre Var: Kartlegging av rustrendar i Stord kommune

Flesland, L. og Knoff, R.V. (2013): Føre Var rapport 02/13, Stiftelsen Bergensklinikkene

Mounteney, J. og Leirvåg, S.-E. (2007). Føre Var: Kartlegging av rustrender, Manual. Stiftelsen Bergensklinikkene

[www.fhi.no](http://www.fhi.no)

[www.felleskatalogen.no](http://www.felleskatalogen.no)

*Kopi av rapporten kan ein få ved å venda seg til  
Utekontakten, Stord kommune, tlf. 53 49 66 44  
Utekontakten@stord.kommune.no*



Utekontakten, Stord kommune  
tlf. 53 49 66 44  
[utekontakten@stord.kommune.no](mailto:utekontakten@stord.kommune.no)